

## **Behovsprøving av drosjeløyve i Årdal kommune, Øvre Årdal**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Løyve S-031 med stasjoneringsstad Øvre Årdal, vert ikkje lyst ledig.

#### Prenta vedlegg:

1. Uttale frå NT avd.Sogn og Fjordane
2. Frå Regionalavdelinga
3. Uttale frå Årdal kommune

## **SAMANDRAG**

I Årdal kommune har det vore 5 løyvehavarar. Årdalstangen har 2 løyvehavarar med til saman 3 løyve. I Øvre Årdal har det vore 3 løyvehavarar. Det har vore mykje strid mellom løyvehavarane i kommunen opp gjennom åra. Samarbeidet dei imellom har vore vanskeleg.

I Øvre Årdal har det vore vanskeleg å få ei forsvarleg inntening på 3 løyve dei seinare åra. Dei to løyvehavarane som er igjen i Øvre Årdal har inngått eit vakt samarbeid med felles telefonnummer. Etter semje mellom dei 2 løyvehavarane i Øvre Årdal, fekk Per Hæreid Haugen hovudløyve nr. 2 tilrettelagt for rullestol. Dette skal nyttast som eit reserveløyve, og trekkast inn i trafikk når behovet er til stades.

## **BAKGRUNN**

Bakgrunn for at saka er reist er at løyvehavar Torleif Sveen sa opp skuleskyskøyning og selde bilen som tilhørde drosjeløyvet. Han ville leige vekk løyvet til Drosjene as, der dagleg leiar er Jan Ole Haus. I følgje Yrkestransportlova er det ikkje lov å overlate løyvet sitt til andre utan samtykke frå løyvemyndigheit. Løyve vart innlevert løyvemyndigheit utan at løyvehavar stod ut oppseiingstida på 3 månader.

## **VIKTIGE LOVER/REGLAR**

Drosjetenesta er undergitt behovsvurdering og tal løyver i kvart løyvedistrikt vert fastsett av fylkeskommunen. Drosjeløyve skal ikkje utferdast i større tal enn det er behov for. Dei sentrale elementa i ei slik behovsvurdering er:

1. Omsynet til publikum for at dei skal ha eit tilfredsstillande transporttilbod.
2. Omsynet til at drosjeeigaren som vert gjeve rett og plikt til å utøve denne verksemda, vert gjeve eit minimum av økonomisk utkomme av verksemda til vedlikehald og investering i tenleg materiell, samt ei rimeleg inntekt.

## **UTTALE**

Vanleg praksis i behovsvurdering som gjeld drosjeløyve er at regionalavdelinga ber gjeldande kommune og Noregs Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane om uttale i saka. Brev til uttale er sendt herfrå 02.11.04 med frist til uttale innan 31.01.05.

Innan fristen har vi motteke skriftleg uttale frå begge partar:

I uttale frå NT avd. Sogn og Fjordane heiter det: "Løyve S-031 bør ikkje lysast ut, men leggst på "vent". Drosjetalet i Øvre er på same nivå som tidlegare, no når Per Hæreid Haugen har 2 løyve. Taxiforbundet meiner ein bør prøve om tilbodet som no er etablert i Årdal er tilfredsstillande for innbyggjarane før det vert teke initiativ til ny utlysing av hovudløyve S-31."

I uttale frå Årdal kommune heiter det: "Det ledige løyve, S-031, bør lysast ut."

## **KONKLUSJON/ TILRÅDING**

Vi vil tilrå at løyve S-031 ikkje vert lyst ledig. Vi må sjå om samarbeidet og det nye tilbodet fungerer tilfredstillande for innbyggjarane i Øvre Årdal.